

## SØKNAD

**Att: Statens Vegesen Sogn og Fjordane**

**Partiet Dei Kristne Fjaler**

**V/Magnar Hellesøy**

**Flekke**

**6968 Flekke**

Viser til samtale på tlf og søker herved om å setje opp to reklameplakatar i Fjaler kommune. Plakatane vil verta montert på paller som står på høgkant. Plakaten er 100x120cm og vil stå slik at det er meininga trafikantane skal sjå reklamen. Det er reklame for Partiet Dei Kristne Fjaler i høve kommunevalet 2015. Dei vil stå på eigedomane til Ola Kleppe og Helge Flekke i Fjaler.

Det vil verta teke omsyn til 5m regelen i 80-sone og reklamen vil ikkje komme til å hindre sikta for bilførarar på nokon måte.

Tidsrommet for reklameringa er frå 14.aug - 15.sept 2015.

Ser fram til dykkar behandling av saka.

Magnar Hellesøy (sign).

Lokallagsleiar

Partiet Dei Kristne Fjaler



## Statens vegvesen

Partiet Dei Kristne Fjaler  
v/ Magnar Hellesøy  
Flekke  
6968 FLEKKE

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Susanne Stølheim Aasen -

Vår referanse:  
2015/101011-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.08.2015

### Svar på søknad om å få henge opp reklame - Kommunevalet 2015 - Fjaler kommune

Viser til søknad datert 14.08.2015 om å få settje opp reklame på to stader langs fv. 57 i Fjaler kommune.

Det er ynskje om å sette opp reklame i forbindelse med kommunevalet i 2015. Reklamen er tenkt plassert på paller som står på høgkant to stader langs fv. 57. Vi er svært restriktive med å gi løyve til å setje opp reklame langs offentlig veg fordi reklame kan skape stort blikkfang i trafikkbilete og av den grunn kan det vere trafikkfarleg. På grunnlag av dette vurderer vi slike søknadar nøye.

I veglova § 33 står det fylgjande om reklame langs veg:

*Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje utan løyve plasserast ved offentlig veg eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande. Reklameskilt eller liknande innretning som syner namnet åt ei verksemd eller kva verksemd det er, eller som på annan måte reklamerer for verksemda, kan likevel plasserast på bygningane åt verksemda utan løyve. Finn vegstyremakta at eit slikt reklameskilt eller liknande innretning er trafikkfarleg, kan ho gi påbod om å fjerne dette etter regelen i fjerde ledd.*

*Løyve kan gjevast inntil vidare eller for ei avgrensa tid dersom vegstyremakta finn at reklameskiltet eller innretninga ikkje vil vere trafikkfarleg. Som trafikkfarleg reklame reknar ein innretning som kan takast for trafikksignal, vegskilt eller vegmerking, eller hindre den frie sikta langs vegen, eller som kan trekkje dei vegfarande si merksemd vekk frå vegen eller trafikken...*

Etter nøye vurdering gir vi med heimel i veglova § 33 ikkje løyve til å setje opp reklame langs fv. 57. Avslaget er grunngjeve med at reklame kan vere trafikkfarleg då det tek fokuset bort frå trafikken. Reklamen er tenkt sett opp i 80-sone, her er det viktig at trafikantane føl med på vegen då dette er høg fart. Vi fryktar også ringverknaden av at dersom vi gir løyve til denne reklamen vil det komme fleire å søkje om det same. Det vil då på eit tidspunkt kunne verte svært mykje reklame noko som er svært uheldig.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast. Klagefristen er tre - 3 - vker frå du fekk dette vedtaket. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen Region Vest, Askedalen 4 6863 LEIKANGER som sender over saka til klageinstansen.

Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Med helsing

Vigdis Lobenz  
seksjonsleiar

Susanne Stølheim Aasen

## Klage på vedtak

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Partiet Dei Kristne Fjaler

v/Magnar Hellesøy

Flekkje

6968 Flekkje

Flekkje, 18.08.2015

Viser til avslag på søknad vedkommande Ref 2015101011-002, ved sakshandsamar Susanne Stølsheim Aasen.

Partiet Dei Kristne Fjaler klagar herved på avslag i søknaden om å setje opp to reklameskilt til bruk i valkampen langs fylkkesveg 57 i Fjaler kommune.

Bakgrunnen for klagen er at om ein ser trafikken i 80-sonene i betraktning, er det ved sida av eigedomen til Ola Kleppe så smalt at kjem det møtande bilar må dei stoppe. Dette set i det heile farten i heilt anna perspektiv enn om det var ein stad der bilane faktisk møter ein annan i 80km/t. og td kan verta uroa av å plutselig verta overraska av reklame.

Ved eigedomen til Helge Flekkje i Fjaler er det eit vegryss i 80-sona. Den eine vegen går sørover mot Ryskjedalsvika, den andre vegen går mot Sørbovåg eller Våge i Fjaler. Ved dette krysset må ein også i utgangspunktet vera varsam når ein kjem køyrande og eit reklameskilt vil ikkje vera til sjenanse.

Vegvesenet sitt argument om at det er svært uheldig om td andre også søker om det same kan eg ikkje sjå kan vera svært uheldig så lenge ein føl dei reglane som finst vedkommande reklame i 80-sona, å plassere dette meir enn 5 meter frå vegen. Det er sjølvsagt ikkje vanskeleg å få til og vil sjølvsagt verta gjort om denne klagen vert teken til følge.



Det er valkamp annakvart år i fire veker kvar gong, difor meiner Partiet Dei Kristne Fjaler at denne type reklame innanfor det regelverk som ligg føre og med hensyn til både sikretningar for trafikantane og at eigedomane som er tiltenkt reklameoppsett, ligg trygt innanafor rāmene av det forsvarlege.

Legg for ordensskuld ved plakaten som er tiltenkt å reklamere med som vedlegg.

På igjenhøyr!

Mvh.Magnar Hellesøy (sign).

Lokallagsleiar Partiet Dei Kristne Fjaler og 1.Kandidat for Partiet Dei Kristne Fjaler





STEM  
PARTIET DEI KRISTNE  
I FJALER



Stiggei G. Timpdalen





## Statens vegvesen

### Notat

Til: Tore Bergundhaugen  
Frå: Kathrine Njåstad Blaaflat  
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kathrine Njåstad Blaaflat -  
Vår dato: 08.09.2015  
Vår referanse: 2015/101011-004

### Oversending av klage på vedtak - reklame i forbindelse med kommunevalg fv 57 i Fjaler kommune

Partiet Dei Kristne Fjaler har i skriv mottatt 14.08.2015 søkt om å få sette opp reklame på to stader langs fv. 57 i Fjaler kommune. Vegavdelinga Sogn og Fjordane har i vedtak datert 14.08.2015 gitt avslag på søknaden. Søker har i skriv mottatt 18.08.2015 klaga på avslaget.

Alle dokumenta ligg i sveissak nr. 2015/101011.

Det er søkt om oppføring av 2 stk. reklame plakatar på 100\*120 cm, som vil vere godt synleg for trafikantane. Avslaget er grunngjeve med at reklame kan vere trafikkfarleg då det tek fokuset bort frå trafikken, og med 80-sone på staden er det viktig at trafikantane føl med på vegen. Avslaget er vidare grunngjeve med at eit løyve kan skape presedens for liknande søknader i framtida, og at det kan føre til mykje reklame langs vegen, noko som er svært uheldig.

I klagen skriv søker at vegen er så smal på staden at køyrande må stoppe for motgåande trafikk, og at ein ikkje kan køyre i 80 km/t. Det er også eit vegkryss i 80 km/t sona, og ein må uansett køyre varsamt på strekninga og reklamen vil derfor ikkje vere til noko sjenanse. Vidare påpeikar dei at det ikkje er uheldig om saka skapar presedens så lenge reklamen er 5 meter frå vegen, og dei meiner at reklamen som er knytt til valkamp med tilhøyrande tidsavgrensing ligg innanfor rāmene av det forsvarlege.

På bakgrunn av klaga frå Partiet Dei Kristne Fjaler har vi gått gjennom saka på nytt.

Når vegen er så smal at ein må stoppe for møtande trafikk, er det svært viktig at fokuset er på vegen og ikkje på reklame som er sett opp langs med vegen. Vi finn ikkje at argumentet i klagen om allereie lav fart fordi ein må stoppe for møtande trafikk, talar for å vurdere omgjering av vedtaket, men meiner derimot at det styrkar grunnlag for å gje avslag på omsøkte reklame. Det er svært viktig at fokuset er på vegen og på den møtande trafikken, for å kunne stoppe i tide og unngå trafikkfarlege situasjonar. Vidare held vi fast på at saka kan skape presedens for liknande saker i framtida, og at dette er svært uheldig. Sjølv om den aktuelle saka gjeld reklame i tidsavgrensa periode, vil andre saker kunne medføre meir permanent reklame langs vegen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger


Telefon:  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Vi kan ikkje sjå at det har kome fram nye avgjerande moment i klagen, som ikkje allereie er vurdert i denne saka, og Vegavdeling Sogn og Fjordane finn det difor rett å oppretthalda vedtaket av 14.08.2015.





Ønska plassering av reklame

Ønska plassering av reklame

Dalsøyna

Kleppe

Setenes

Laukeland

Hestad

Sunde

Dale

Haugen

Dingemoen

Bortneim

Haugland

Skaddalen

Loset

Hølland

Igelteim

Flekke

Soleim

Myklebost

Vassdalen

Sunnalden

Slettealds-

Stølen

Stygge-

Rennestraum

Håheia

Floyen

Ottersteinen

Stranda-  
vatnet



Fy14\_Fv057\_hp08\_01\_m27410



[11.09.2013-18:04 P14] Sogn og Fjordane Fv057 hp08 fl m27410 [kan være unødvendig]

Fy14\_Fv057\_hp12\_02\_m0751



[11.09.2013-14:18 P14] Sogn og Fjordane Fv057 hp12 fl m0751 [kan være unødvendig]